



## *Hadeland dialekt- og mållag*

### **Årsmøte i Hadeland dialekt- og mållag**

måndag 11. mars 2019 kl. 19.00-20.00 i Harestua gamle skole

Fem medlemmer var til stades: Helge Midttun, Einar Raastad, Gunvor Kjendlie, Torill Nedberge Klevmark og Reidun Sørensen.

Nestleiar Mari Svenbalrud hadde forfall fordi ho representerte laget i møte med kulturkontoret om kulturplan i Lunner kommune same kvelden.

Leiar Reidun Sørensen ønska vel møtt og tok opp sak 1 og 2.

#### **Sakliste**

1. Godkjenning av innkalling og sakliste
2. Val av ordstyrar og møteskrivar
3. Årsmelding 2018
4. Rekneskap 2018
5. Arbeidsprogram 2019
6. Årspengar 2020
7. Innkomne forslag
8. Val

#### **1. Godkjenning av innkalling og sakliste**

Innkalling og sakliste var sendt alle medlemmene 13. jan. og 5. feb. 2019.

Samrøystes vedtak: Innkalling og sakliste godkjennast.

#### **2. Val av ordstyrar og møteskrivar**

Sidan Mari Svenbalrud hadde forfall, foreslo leiar at Torill Nedberge Klevmark leier møtet, og ho overtok møteleiinga frå sak 3.

Samrøystes vedtak: Ordstyrar: Torill Nedberge Klevmark

Møteskrivar: Reidun Ramse Sørensen

#### **3. Årsmelding 2018**

Styret sitt framlegg til årsmelding for 2018 låg ved innkallinga.

Samrøystes vedtak: Årsmeldinga godkjennast.

#### **4. Rekneskap 2018**

Prosjektrekneskap for Vinje-jubileet 2018 i Gran er innarbeidd i resultatrekneskap og balanse for Hadeland dialekt- og mållag. Prosjektrekneskapen er kontrollert og godkjend av setterevisor Arnfinn Nilsen. Resultatrekneskapen og balanse er kontrollert av ettersynsmann Helge Midttun.

Rekneskap og balanse blei lagt fram i møtet og gjennomgått av rekneskapsfører Einar Raastad. Helge Midttun la fram revisorerklæring som blir lagt ved møteboka. Raastad forenkler resultatrekneskap og balanse til sumnivå som blir enklare å lese. Årsmøtedokumenter leggest ut på nettsida [www.hadeland-dml.no](http://www.hadeland-dml.no)

Samrøystes vedtak: Rekneskapen godkjennast.

#### **5. Arbeidsprogram 2019**

Ordstyrar gjekk gjennom styret sitt framlegg til arbeidsprogram som låg ved oppdatert innkalling. Endringar og tillegg vart drøfta.

Endringsforslag frå Midttun: Foreslått deltaking på Potetfestivalen, Elvelangs Vigga og Jevnakerfestivalen går ut.

Ordstyrar sette styret sitt forslag opp mot Midttun sitt forslag, og Midttun sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Samrøystes vedtak: Arbeidsprogrammet godkjennast med dei endringane som går fram av vedtatt arbeidsprogram.

#### **6. Årspengar 2020**

Årspengane til Noregs Mållag sentralt er i 2020 sett til kr 300 for hovudmedlemskap og kr 150 for familiemedlemskap og medlemskap i lag tilslutta Noregs Ungdomslag. Som kontingent til fylkeslaga dvs.

Austmannalaget for vår del, tilrår NM kr 30 for både for hovud- og familiemedlemskap. Tilrådd sats for lokallaga er kr 40 for både hovud- og familiemedlemer.

Styret foreslo å endre vår lokale kontingent frå 40 til kr 50.

Samrøystes vedtak: Årsmøtet i Hdml vedtek kr 50 som årspengar for 2020 for hovudmedlem, familiemedlem og medlemskap i lag tilslutta Noregs Ungdomslag.

#### **7. Forslag om godtgjering til tillitsvalde**

Styret hadde foreslått ei symbolsk godtgjering kr 6.500 til styret for 2018.

Innstilling: For 2018 vedtek årsmøtet å utbetale kr 500 til Mari Svenbalrud, Torill Nedberge Klevmark og Reidun R. Sørensen og kr 5000 til kasserar

Einar Raastad .

Forslag fremma i møtet av valnemnda ved Helge Midttun: Valnemnda foreslår kr 5.000 i godtgjering til rekneskapsfører og kr 5000 til leiar for å dekke utgifter til arbeidet med Vinjeåret 2018.

Årsmøtet vart enige om røystingsrekkefølga. Først stemte årsmøtet over forslaget frå valnemnda. Raastad og Sørensen var inhabile og avsto frå å stemme.

Samrøystes vedtak: Årsmøtet vedtek kr 5.000 i godtgjering til rekneskapsfører og kr 5000 til leiar for å dekke utgifter til arbeidet med Vinjeåret 2018.

Så stemte årsmøtet over resten av innstillinga frå styret. Her var Klevmark inhabil og avstod frå å stemme.

Samrøystes vedtak: Årsmøtet vedtek å utbetale kr 500 til Mari Svenbalrud og Torill Nedberge Klevmark som ei symbolsk godtgjering for arbeidet i 2018. Til saman blir det 11.000 kr i godtgjering til tillitsvalde for 2018.

## 8. Val

Valnemnd har vore Helge Midttun og Else Randi Kvåle.

Ordstyrar gav ordet til valnemnda ved Helge Midttun som la fram nemnda si innstilling og gjekk igjennom valet punkt for punkt. Årsmøtet hadde ingen endringsforslag.

Styret la fram si innstilling på ny valnemnd:

Ole Gunnar Monsen (for 1 år)

Arnfinn Nilsen (for 2 år)

Alle kandidatane er spurt på førehand, har takka ja til tillitsvervet og veit kva for ansvar som følgjer med.

Tillitsvalde etter årsmøtet 11.03.2019,  
jf. vedtektene §5:

Alle val vart samrøystes:

Rolle	Namn	Valperiode	Kommentar
Leiar	Reidun Ramse Sørensen	1 år	Attval for 1 år

Nestleiar	Mari Svenbalrud	Ikkje på val	Ikkje på val
Skrivar	Reidun Ramse Sørensen	2 år	Attval for 2 år
Kassastyrar (kasserar)	Einar Raastad	Ikkje på val	Ikkje på val
Styremedlem	Torill Nedberge Klevmark	2 år	Attval for 2 år
1. vara	Gunvor Kjendlie	1 år	Attval for 1 år
2. vara	Vemund Viken	1 år	Attval for 1 år
3. vara	Else Randi Kvåle ynskjer fritak og tek ikkje attval		Ingen
Ettersynsmann	Helge Midttun	1 år	Attval for 1 år
Val av to utsendingar til årsmøtet i Austmannalaget	Leiar og nestleiar; dersom nokon av dei ikkje kan, resten av styremedlemmene og varamedlemmer i den rekkefølgje dei er vald.		Som ved siste årsmøte
Val av ein utsending til Landsmøtet i Noregs Mållag (2020)	Leiar; dersom han/ho ikkje kan, resten av styremedlemmer og varamedlemmer i den rekkefølgje dei er vald.		Som ved siste årsmøte
Signatur	To styremedlemmer i fellesskap		Som ved siste årsmøte
Prokura	Kasserar og leiar kvar for seg		Som ved siste årsmøte
Valkomité	Ole Gunnar Monsen (for 1 år) Arnfinn Nilsen (for 2 år)		Som innstillinga


Jaren, 12.03.2019, *Reidun R. Sørensen*

Reidun Ramse Sørensen, møteskrivar 

Møteboka er godkjend:

*21.03.2019*

*21.03.2019*

*Torill Nedberge Klevmark*  


*Gunvor Kjendlie*  
